


TEMA: Bønder og busetnad ①37, Kremmerleier og gjestgiverier ①105  
 KART: ④440

# Tjernagel

**I nær tre tusen år har TJERNAGELSHAUGEN lege som eit landemerke ved Bømlaffjorden. Skalden Torarin lovtunge nemner haugen i si skildring av Knut den mektige, som i året 1028 siglde frå Danmark til Nidaros: «Og fram for den gamle haugen i Tjernagel siglde buskarar kvasst med fred».**



Tjernagelshaugen – det gamle seglingsmerket langs leia – vart fjerna i 1983.

## TJERNAGELSHAUGEN

Fram til 1983 fanst TJERNAGELSHAUGEN framleis. Han låg der kortbølgjesendaren på Tjernagel no står. Som følgje av Teledirektoratet sine utbyggingsplanar vart fredinga oppheva av Miljøverndepartementet, og alt vart fjerna, etter at Historisk Museum i Bergen hadde grave ut haugen.

Haugen, eller røysa som det vel er rettare å seia, var på det meste 23 meter i tverrmål og opptil 2 1/2 meter høg, bygd av rullestein. Nære på 400 m<sup>3</sup> masse var dyngd i hop i dette gravminnet, som var eitt av dei største på Hordalandskysten.

Arkeologane fann tre graver i Tjernagelshaugen. To av dei var steinkister, den tredje berre ei samling brende bein av menneske og småfe på botnen under røysa. Trekol, funne saman med beina, syner at denne grava er frå midten av bronsealderen, knapt 1000 år f.Kr. Dei to steinkistene er yngre. Kol som vart funne utanfor den eine, er datert til tida ved Kristi fødsel. Den andre kista tykkjest vera noko yngre.


Det vart ikkje funne oldsaker i nokon av dei tre gravene. Det som måtte ha vore der av gravgaver, er forvitra og

borte for lenge sidan. Av dei døde fanst berre dei brende beina frå botngrava og to små beinbitar i den yngste steinkista.

Tjernagelshaugen er ei røys av det slaget som har vore så vanleg på kysten. Mange av dei kan daterast til bronsealderen, men dei to steinkistene i Tjernagelshaugen syner at slike gravminne også var i bruk i jernalderen.

Røysa har vorte påbygd fleire gonger, ved kvar av dei yngre gravleggingane. Den siste gongen vart det dessutan lagt opp ein fint forseggjord tørrmur av flate steinar ytst mot sjøsida, kanskje for å gje det vyrdelege gravminnet eit endå meir dominerande preg.

I hundre ættleder fekk haugen liggja i fred, som eit landemerke for dei sjøfarande. Men vår tid fann ikkje råd til å



Faksimile frå «Legendarisk Olavssaga».

spara han lenger. Vi vart dei siste som fekk sjå Tjernagelshaugen.

Ved administrasjonssenteret for kortbølgjesendaren er botnlaget med dei to gravkistene rekonstruert. □

## TJERNAGELSHOLMEN

Det er lite som i dag står att av den gamle handelsstaden på TJERNAGELSHOLMEN. Hovudhuset vart rive i 1971, og nokre av dei gamle sjøhusa er òg borte. Den lune vågen, med innseglinga skjerna av holmar, dannar ei naturleg hamn som gjorde Tjernagelsholmen til eit senter for handels- og gjestgjevarverksemd i eldre tid. Så lenge det har vore ferdsle langs kysten, har ei slik hamn gjeve kjærkome ly mot vør og vind.

Under vørsildfisket på 1800-talet var det knytt stor aktivitet til Tjernagelsholmen, med handel, bøking og silde-salting. Hamna gav nattely for fiskarane.

No er det slutt på handels- og næringsverksemd på Tjernagelsholmen, men den lune bukta ligg her, til glede for dei fritidsbåtane som finn vegen hit.



Den gamle handelsstaden på Tjernagelsholmen kring 1920.

### ☞ TJERNAGEL

Tjernagel er eit namn med historisk sus. Første gongen vi finn det nemnt, er i diktet TØGDRÅPA av den islandske skalden TORARIN LOVTUNGE. Diktet finst i tre sogeverk: Fornmannasoger, Flateyarbok og Soga om Olav den heilage. Tjernagel er der skriva Hiernagla (genitiv) eller i nærståande former, men alle stader med H i framlyd. Tydinga av ordet er «sverdnagle», her helst nytta om ei høgd som er samanlikna med ein sverdnagle, Skrivemåten med Tj kjem først på 1600-talet.